



Ellinor Irene Kongestøl  
Mulevegen 168  
5947 Fedje

Referansar:

Dykkar:

Vår: 23/420 - 23/4764

Sakshandsamar:

Merethe Svarstad

merethe.svarstad@fedje.kommune.no

Dato:

25.09.2023

## Byggesak GBNR <169/9> <Kongestølen> <Bruksendring > Behov for tilleggsopplysningar

Eigedom: Gnr.: 169      Bnr.: 9,150 og 182

Adresse: Mulevegen 168, 5947 Fedje

Tiltakshavar: Ellinor Irene Kongestøl

Tiltaket: bruksendring av delar av garasje til bad og mindre fasadeendring med innsetjing av vindauga til badet.

Me syner til søknad motteke 12.09.2023 . Tiltaket gjeld bruksendring av delar av garasje til bad.

Basert på motteke dokumentasjon er det behov for følgjande tilleggsopplysningar for å behandla søknaden: Søknaden manglar følgjande opplysningar:

- Det er ikkje opplyst om det kun er badet som vert nytt tiltak i garasjen eller om gangen og trappa òg er ein del av det omsøkte tiltaket.
- Dersom det vert søkt om innsetting av trapp vert det krav til ansvarlege føretak og det må då sendast inn søknad med ansvarsrettar. De må då få hjelp av eit ansvarleg føretak til å ta på seg rolla som ansvarleg søkjar, og som kan søka for dykk.
- Det er ikkje sendt inn teikningar som syner snitt. Kommunen treng opplysningar om kor stor takhøgde det vert på badet.
- Eigar av Gbnr 169/182 har skrive at ho ikkje har innvendingar til tiltaket, men sidan garasjen er plassert delvis på eigedomen Gbnr 169/182 så lyt de ha eit samtykke til tiltaket.
- Kommunen kjem til å krevja at 169/150 og 169/9 vert samanslått i samband med tiltaket. Å samanslå eigedomar er gratis i Fedje kommune. De kan allereie no ta kontakt med oppmålingsavdelinga i kommunen ved Alf Kvant for å få hjelp til å samanslå eigedomane.

Frist for å senda inn supplerande opplysningar i saka vert sett til **25.10.2023**. Etter denne datoen kan saka avgjerast på bakgrunn av allereie innsendt informasjon i saka, og saka vil då verta avvist eller avslått, og gebyrbelagt. Dersom det er behov for forlenga frist ber me om at dette blir informert om før fristen går ut.

Me gjer dykk merksam på at det seinare i sakshandsaminga kan verta behov for å be om ytterlegare tilleggsopplysningar.

Dersom noko er uklart kan de ta kontakt på telefon: 48173241

Med helsing

Merethe Svarstad  
Byggesakshandsamar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Ellinor Irene Kongestøl

Mulevegen 168 5947

Fedje